



# Årsmelding Hafslø idrettslag 2021



# Innhald

<b>Saksliste</b>	<b>3</b>
<b>Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2021</b>	<b>4</b>
<b>Årsmelding stadionstyret</b>	<b>13</b>
<b>Årsmelding hoppgruppa</b>	<b>15</b>
<b>Årsmelding alpingruppa</b>	<b>17</b>
<b>Årsmelding langrennsgruppa</b>	<b>19</b>
<b>Årsmelding fotballgruppa</b>	<b>21</b>
<b>Årsmelding foreldrelaget for aldersfastlagd fotball</b>	<b>26</b>
<b>Årsmelding barneidrett</b>	<b>27</b>
<b>Årsmelding trimgruppa</b>	<b>28</b>
<b>Årsmelding handballgruppa</b>	<b>30</b>

## Saksliste

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av saksliste
4. Val av møteleiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett
11. Innkomne saker
12. Val

Oppdatert saksliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på heimesida vår, [www.hafslo-il.no](http://www.hafslo-il.no), seinast tysdag 1. mars 2022.

**Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell,  
tysdag 8. mars 2022 kl. 19!**



# Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2021

## **Styret**

Leiar: Ove Midtbø

Nestleiar: Sandhya Karlsen Holene

Sekretær: Kari Merete Henjum

Økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad

Styremedlem: Erna Hamrum

Styremedlem: Geir Arne Kvam

1. varamedlem: Nina Cirotzki

2. varamedlem: Hanne Kvam

## **Gruppene**

### **Fotballgruppa**

Norill Terese Norheim – leiar

Karita Nes, Elin Anette Hillestad, Camilla Bremer, Jan Erik Røneid, Hans Olav Hellesøe

### **Langrennsgruppa**

Elise Landøy – leiar

Trond Sekse, Per Fridolf Hillestad

### **Hoppgruppa**

Jon Ove Lomheim – leiar

Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Ole Johnny Sie, Geir Afdal

### **Alpingruppa (inkl. freeski)**

Ellen Sophie Wangenstein – leiar

### **Barneidrettsgruppa**

Ann-Kristin Gjerde – leiar

Terje Brunborg, Janne Kjørtaug Grønbech

### **Trimgruppa**

Katrin Lægreid Nes – leiar

Adrienne Kvam, Audhild Moe, Sandra Nesse Sørhoel, Grete Marie Skårhaug Solvi,

Kjell Arild Høyum, Monica Heggstad

### **Handballgruppe**

Sandhya Karlsen Holene – leiar

Lars Olav Halleråker, Monika Reime

### **Orienteringsnemnd**

Ove Oklevik

**Stadionstyret**

Birger Moene – leiar  
Bjarni Valsson, Jonas Midtbø

**Marknadsnemnd (økonominemnd)**

hovudstyret ved nestleiar/leiar  
Margrete Søhoel Røneid, Thomas Skjerven, Ann-Elisbeth Skjerven

**Foreldrelaget**

Erna Hamrum – leiar  
Hanne Loen Stranden, Aslaug Øydvin

**Lerum-cup nemnd**

Geir Afdal – leiar  
Sverre Kjos-Wenjum, representant frå fotballgruppa, representant frå hovudstyret,  
Erna Hamrum, Britt Brugrand, Ann-Elisbeth Skjerven (dei tre siste har vore kiosknemnd)

**Skøyteutval**

Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen

**Friidrettsutval**

Representant frå trimgruppa

**Idrettsråd**

Ove Midtbø, Norill Terese Norheim

**Ungdomskontakt**

Iselin Linde Brusegard, Hallgeir Hillestad

**Kontrollutval**

Gerd Westby Haugen, Herman Odd Stein, Jon Sterri (vara)

**Valnemnd**

Styret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2021.

**Møte og tilstellingar**

Det har vore halde fire styremøte og fire møte med gruppeleiarane i 2021. To av dei utvida styremøta har vore digitalt via Teams pga korona-situasjonen.

Erna Hamrum og Ove Midtbø representerte Hafslo IL på årsmøtet til Luster idrettsråd 3. juni.

Ove Midtbø representerte laget på den ordinære generalforsamlinga til Sogn Skisenter 15. juni, og på ekstraordinær generalforsamling 29. september. Begge generalforsamlingane vart gjennomførte via Teams.

Jon Ove Lomheim, Per Fridolf Hillestad, Erna Hamrum og Ove Midtbø deltok frå Hafslo IL på Idrettens møteplass i Sogndal 30. oktober. Etter fellesdelen deltok Jon Ove på skikrinsen sitt haustmøte for hopp, og Per Fridolf på skikrinsen sitt haustmøte for langrenn. Ove og Erna deltok på kurs i hhv. Klubbadmin og Klubbens styrearbeid i praksis etter fellesdelen.

Norill Terese Norheim og Geir Arne Kvam deltok på jubileumskretstinget for NFF Sogn og Fjordane 27. november.

### **Saker**

Styret har handsama 66 saker i 2021. Dette har stort sett vore vanlege styremøtesaker, og også i år har mange av sakene vore prega av korona-situasjonen. I tillegg har vi hatt eit sær møte med fotballgruppa 25. oktober. Det er god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene om saker gjennom året, og vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og sjølvstendig i sine grupper.

### **Medlemstal**

Medlemstalet var på 664 medlemmer per 31.12.2021. Det er ei auke på 24 medlemmer samanlikna med same tidspunkt året før.

### **Utdanning**

Kristine Fardal Norheim, Celine Fardal Norheim, Mathilde-Kristine Aspelund, Lisa Røneid og Nadine Bø-Gassert deltok på kurs i tilrettelagt aktivitet i regi av Vestland idrettskrets i Sogndal hausten 2021.

Erna Hamrum deltok på kurs i Klubbadmin i regi av Vestland idrettskrets i samband med Idrettens møteplass i Sogndal laurdag 30. oktober 2021.

Ove Midtbø deltok på kurs i Klubbens styrearbeid i praksis i regi av Vestland idrettskrets i samband med Idrettens møteplass i Sogndal laurdag 30. oktober 2021.

Norill Terese Norheim vart autorisert som kretsdommar i regi av NFF Sogn og Fjordane hausten 2021.

Thor Wilhelm Wangensteen Fredheim og Storm Frattasio Skår har gjennomført rekrutteringsdommarkurs sesongen 2021.

### **Særforbund**

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund i 2021:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

## **Økonomisk resultat**

På grunn av korona-pandemien har det også vore eit spesielt år i 2021, der utgifter til turneringsdeltaking og anna aktivitet har vore lågare enn normalt. Likevel er økonomien til Hafslo IL framleis god og stabil. Dette skuldast faste årlege inntekter gjennom gode sponsorar og offentlege tilskot. Tapte inntekter i 2021 på grunn av korona-pandemien, er delvis refundert gjennom eiga krisepakke frå staten. For 2021 gjeld dette tapte inntekter i samband med avlyst Lerum Cup 2021. På grunn av det ovannemnde har Hafslo IL hatt eit vesentleg betre økonomisk resultat i 2021 enn vi hadde budsjettert med. Rekneskapen for 2021 syner eit overskot på 474 056 kr.

Drifta i idrettslaget er god og økonomisk forsvarleg og vi har avtale og tett dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månadlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen for 2021 finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

## **Mottekne midlar**

Avtala med hovudsponsoren vår Luster Sparebank er svært viktig, og gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre. Det er også viktig å nemne at Luster Sparebank støttar oss på andre måtar gjennom året. Like før jul, fekk vi også vite at Luster Sparebank vedtok å støtte hoppanlegga og langrennsanlegget som er under utbygging/planlegging ved Sogn Skisenter med ein million kroner. Det kjem Hafslo IL til gode, då idrettslaget er involvert i alle desse anlegga.

Sponsoravtala vi har med NTP Avery Dennison gir oss også viktige inntekter, i tillegg til god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerker på klubbklede våre. Vi har òg fått støtte frå NTP til Haustmarknaden og til sesongavslutninga for nokre av fotball-laga våre i 2021.

Gjennom sponsoravtalen vår med Intersport Sogndal, får idrettslaget gode tilbod og hjelp til å bestille klede og utstyr. Intersport Sogndal sponsa i tillegg hovudpremien på 6000 kr i samband med årets Haustmarknad. Sponsoravtala er viktig for idrettslaget og medlemene våre, og vi håpar å vidareutvikle samarbeidet med Intersport Sogndal i 2022.

I tillegg til midlar frå sponsorane våre, får vi viktige årlege tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til kulturføremål. Vi får også økonomiske bidrag frå Norsk Tipping (grasrotandel), Norges Idrettsforbund (LAM-midlar og mva-refusjon). Også i år fekk vi delvis refundert tapte inntekter frå staten i samband med at Lerum Cup 2021 vart avlyst. For første gong sidan 2019 fekk vi gjennomført årets Haustmarknad som planlagt. Takk til alle bedriftene som sponsa oss med premiar, og som bidrog til eit flott økonomisk overskot.

Vi har også mange bedrifter og andre støttespelarar i nærområdet som bidreg økonomisk gjennom skiltreklame i Moane, vedlikehald m.m.

**Styret vil rette ein stor takk til alle sponsorar, støttespelarar og alle andre samarbeidspartnarar som har vore med å støtte oss i 2021.**

## **Anlegg**

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikeholdet vert utført jamnleg av gruppene og stadionstyret, og det er mange som legg ned ein stor og viktig innsats gjennom året for å sikre naudsynt drift og vedlikehald av anlegga våre.

Dei to siste åra har vi hatt avtale med Sogndal Fotball om å vedlikehalde og drifte deler av treningsfeltet i Moane, mot at vi kan nytte dette til fotballaktivitet ved behov. Stadionstyret med Birger i spissen har lagt ned ein enorm innsats med drift og vedlikehald av både Hafslo stadion og treningsfeltet også denne sesongen. Dette har sikra flotte forhold for fotball-laga våre både til treningar og kampar i 2021. Det er også mange andre lag i regionen som har spurt om å få låne anlegget i Moane til treningar på gras. Både a-laget til Sogndal Fotball, Kaupanger IL (både herre og damelaget) og Studentspretten har gjennomført treningar i Moane sesongen 2021. Dette syner kor viktig det er å satse på drift, vedlikehald og vidareutvikling av anlegget i Moane i åra framover.

Av anna drifts- og vedlikehaldsarbeid i Moane, kan nemnast at det har vore gjennomført ein del kantslått og målingsarbeid. Vi er takksame for alle som har bidrege i samband med dette. Vi ser også at det må gjerast ein del større vedlikehaldsarbeid med rekkverk, trapper mm. kring anlegget i Moane, og dette vert det sett av midlar til i budsjettet for 2022.

Vi har også fått godkjent spelemiddelsøknad for etablering av lysanlegg kring Hafslo stadion, og dessverre har prosessen med å få dette anlegget på plass tatt lenger tid enn forventa. Vi har i 2021 fått innhenta tilbod frå ulike entreprenørar og leverandørar, og styret vil prioritere å få lysanlegget på plass før haustsesongen 2022.

Dei siste åra, og også i 2021, har det vore behov for reserveløysingar på grunn av at drikkevatnet i Moane har dårleg kvalitet og ikkje kan drikkast. Vi har jobba med å få plass ei ordning med tilknytning til den kommunale vassforsyninga. Etter dialog med kommunen og grunneigarane hausten 2021 er det no bestemt at kommunen vil etablere ein brannhydrant ved klubbhuset, og då kan Hafslo IL kople seg på den kommunale vassforsyninga via denne. Vi vil ha dialog med kommunen og grunneigarane om at dette må prioriterast slik at dette kjem på plass så tidleg som mogleg våren 2022.

Kunstgrasbana, 7-ar bana ved Hafslo barne- og ungdomsskule, har også i 2021 vore mykje i bruk. Dette anlegget kan takast i bruk tidlegare på våren enn grasbanene i Moane, og kan nyttast lenger utover haustsesongen. Anlegget er derfor svært viktig når det gjeld treningar og kampar for fotball-laga våre. Bana har vore vedlikehalde ved påfyll av granulat og slodding ved behov gjennom sesongen med hjelp frå stadionstyret og andre som bidreg med dugnad.

Frå 1. juli 2021 er det vedteke ei forskrift for å hindre spreiiing av granulat med drensvatn, og krav om tiltak for å hindre spreiiing av gummigranulat for brukarane av bana. Det vart gjennomført befarig av kunstgrasbana 10. juni 2021, og det er utarbeidd ein rapport med behov for tiltak i etterkant. Vi har starta arbeidet med å få tiltaka på plass og desse må prioriterast i samband med at kunstgrasbana vert teken i bruk vårsesongen 2022.



Etter at Kvamsbakken vart avvikla i 2020, har vi ikkje hatt hoppanlegg sesongen 2021. Spelemiddelsøknader for to små bakkar ved Sogn Skisenter, K10 og K19 vart godkjent våren 2021. Etter dialog og møte med kommunen, grunneigarar, styret i Sogn Skisenter, idrettslaget og idrettsrådet sommaren 2021, vart den endelege plasseringa av K10 og K19 lagt til Banktrekket ved skisenteret. Arbeidet med bakkane kom i gong hausten 2021, og kan delvis takast i bruk vintersesongen 2022 om snøtilhøva gjer det mogleg. Vi håpar desse anlegga vert ferdigstilt i 2022, slik at dei kan nyttast fullt ut komande vintersesong. På sikt er det også planlagt at bakkane vert heilårsanlegg (plast). Det pågår også ein prosess/utgreiing der det vert kartlagt moglegheitane for K45 ved Sogn Skisenter. Eventuell innsending av spelemiddelsøknad for dette anlegget kjem opp som eiga årsmøtesak når utgreiinga er klar.

Hausten 2021 vart det også sendt inn spelemiddelsøknad for langrennsanlegg (rulleskiløype + snøproduksjonsanlegg) ved Sogn Skisenter. Skisenteret står som søkjar, med økonomisk støtte frå Hafslo IL og IL Bjørn. Skisenteret og idrettslaga vil ha vidare dialog om realisering av dette anlegget.

Etter at gjeldande anleggsplan for 2019-2022 vart vedteken i 2019, har Hafslo IL inngått samarbeidsavtalar med Hafslo Sogelag og Hafslo Bygdelag om anlegg for hestesport på Fluga og grillhytte/gapahuk ved kunstgrasbana på skulen. Hafslo IL står som søkjar av spelemidlar for begge desse anlegga, der vi har samarbeidsavtalar med sogelaget og bygdelaget om drift og vedlikehald.

Grillhytta/gapahuken vart oppført hausten 2020 og offisielt opna i desember 2020. I 2021 har vi hatt avtale med Hafslo Bygdelag og Hafslovatnet 4H om drift av dette anlegget. Her står det att noko mindre arbeid knytt til strømforsyning. Dette vert sett i samanheng med pågåande arbeid med kajakknaustet i same område som er venta ferdigstilt i 2022.

Arbeidet med anlegget for hestesportaktivitet på Fluga er også meir eller mindre ferdig i 2021. Dette er vorte eit flott anlegg som vil gje moglegheiter for eit nytt aktivitetstilbod for både medlemene av idrettslaget vårt, men også for born, unge og vaksne i alle aldrar. Hafslo IL og Hafslo Sogelag vil samarbeide om å få på plass ein aktivitetsplan for anlegget i 2022.

Hafslo IL og Hafslo Bygdelag samarbeider også med Luster kommune om oppføring av kajakknaust med universell utforming i området ved skulen. Dette anlegget vert ferdigstilt i 2022, og vi vil samarbeide med både kommunen og andre lag- og organisasjonar om bruk av anlegget. Det universelt utforma anlegget vil gje moglegheit for ein ny aktivitet for medlemene våre i alle aldrar.

Det har skjedd mykje med utvikling av nye anlegg for aktivitet i bygda vår dei siste åra, og vi tykkjer det er flott å samarbeide med kommunen, skulen og andre lag og organisasjonar om anlegg som bidreg til aktivitet og trivsel for mange.

Hafslo IL har også eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitet i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold for alpint, freeski og langrenn ved Sogn Skisenter og i gymsalen i Samfunnsbygget gjennom vinteren. Ved utbygging av hoppanlegg ved Sogn skisenter blir det også gode treningsforhold og tilrettelegging for å bygge opp hoppaktivitet igjen i Hafslo IL og i Sogn.

Trimgruppa si tilrettelegging av trimpostar og samarbeidet med Hafslo Bygdelag og Hafslo Sogelag om «stifadderprosjektet», bidreg også til flotte turmoglegheiter for medlemene våre. Vi har også flotte oppdaterte orienteringskart/løyper som både Barneidrettsgruppa og Trimgruppa er flinke til å nytte til aktivitet for born og unge gjennom året.

Det er også andre spanande prosjekt på gang som Hafslo IL er involvert i. Luster kommune har mellom anna sett av midlar i budsjettet for 2022 for å utgreie grunnlaget for ein fleirbrukshall på Hafslo. Vi samarbeider også med kommunen, idrettsrådet og dei andre idrettslaga om oppstart med Stolpejakt i 2022.

Hafslo idrettslag vil takke alle som nyttar anlegga våre, og takk igjen til alle som bidreg med drift og vedlikehald av desse! Vi vil rette ein særskild stor takk til leiar av stadionstyret, Birger, for den ekstraordinære innsatsen han har lagt ned til drift og vedlikehald av grasbanene i Moane dei siste sesongane.

Styret vil også takke alle andre som engasjerer seg i arbeidet med å få etablert nye anlegg, og i 2021 vil vi særskilt framheve den ekstraordinære innsatsen som leiar av hoppgruppa, Jon Ove, har lagt ned for å få realisert oppstart av arbeidet med hoppbakkar og innsending av spelemiddelsøknad for langrennsanlegg ved Sogn Skisenter.

### **Avgidde tillitsvalde**

- Styret i Luster Idrettsråd: Ove Midtbø – leiar, Norill Terese Norheim – styremedlem
- Luster Idrettsråd: Geir Arne Kvam – leiar kontrollutvalet.
- Styret i Sogn Skisenter SA: Jon Ove Lomheim – nestleiar, Lars Olav Halleråker – styremedlem, Jorunn Hillestad Sekse – varamedlem
- Skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen: Jon Ove Lomheim
- Krinsdommar skikrins: Jon Ove Lomheim
- Krinsdommar og Forbundsdommar NSF: Per Birger Lomheim
- NFF Sogn og Fjordane (dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør): Geir Arne Kvam

### **Aktivitet**

Aktiviteten i Hafslo IL har også i 2021 vore prega av korona-pandemien. Idrettslaget har likevel hatt stor og god aktivitet, både blant aktive, blant medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg er ei rekkje personar involvert i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktiviteten i 2021 går fram av årsmeldingane frå særgruppene våre.

Det meste av aktiviteten i idrettslaget er basert på frivillig innsats og vert gjennomført på ein best mogleg måte innanfor dei rammene vi har. Det er mange som gjer ein stor innsats gjennom året, og foreldreinvolvering er ein viktig faktor for at born og unge skal ha eit aktivitetstilbod.

Særgruppene våre gjer ein flott og avgjerande innsats gjennom året med å legge til rette for mykje variert, god og meningsfylt aktivitet for mange. Vi vil rette ein særskild takk til alle tillitsvalde i særgruppene, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, oppmenn og

andre støttefunksjonar i dei ulike gruppene gjennom året. At nokon tek på seg ulike tillitsverv i idrettslaget, er heilt avgjerande for å kunne tilby eit variert og godt aktivitetstilbod.

All aktivitet skal vere motivert ut i frå eit ønskje om å skape trivsel for alle og samstundes sikre utvikling og framgang. Vi er svært takksame for den innsatsen som alle trenarar, foreldre og andre legg ned slik at idrettslaget kan gje tilbod om gode treningsøktar som dekker både idrettsfaglege behov og sørger for viktige sosiale møteplassar for mange.

Det er også viktig å nemne den innsatsen som Trimgruppa gjer med å legge til rette for at medlemmer i alle aldrar kan gå på trimturar i nærområdet på eiga hand gjennom året. Trimssesongen 2021 hadde mange deltakarar, og dette er eit flott og viktig aktivitetstilbod i tillegg til den organiserte aktiviteten som skjer i dei ulike gruppene. Vi tykkjer det er flott at Trimgruppa har fokus og gjer ein ekstra innsats for å involvere alle medlemmene våre, ikkje minst gjennom det flotte treningstilbodet Idrett for alle.

Stor takk til alle tillitsvalde, trenarar, foreldre, supporterar og andre støttespelarar som gjennom året bidreg med dugnad, køyring og anna innsats kring dei ulike laga, gruppene og aktivitetane våre!

### **Avslutning**

Hafslo Idrettslag har ein viktig funksjon når det gjeld å legge til rette for aktivitet for born og vaksne i bygda vår. Dei tillitsvalde i idrettslaget gjer ein heilt avgjerande innsats og legg ned mange dugnadstimar gjennom året. Så langt som råd skal Hafslo Idrettslag sine interesser kombinerast med interessene til medlemmene våre, og interessene til andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet som heilskap og Luster kommune.

Styret ser likevel at vi kan bli endå betre på å kommunisere både internt og eksternt i idrettslaget om alt som skjer, og det bør vere eit mål for 2022 at vi vert betre på informasjonsflyt på alle nivå i idrettslaget. Det er også viktig å ha fokus på kva som er dei overordna verdiane for Hafslo IL, og at desse vert tydeleg forankra i all aktivitet, både blant medlemmene, tillitsvalde og andre støttespelarar i idrettslaget.

Idrettslaget skal tenkje langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomi. Vi har mange gode sponsorar som stiller opp, og desse gir oss eit godt og viktig økonomisk grunnlag for å nå måla våre. Særskilt takk til sponsorane våre Luster Sparebank, NTP Avery Dennison og Intersport Sogndal for gode økonomiske avtalar og godt samarbeid i 2021. Takk også til Luster kommune for den økonomiske støtta vi får til aktivitet, drift og vedlikehald av anlegga gjennom året. Den gode økonomien til idrettslaget skuldast også i stor grad positive medlemmer som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget. Vi må også takke alle lokale bedrifter og støttespelarar som har hjulpet oss på ulike måtar gjennom året.

Takk til alle særgruppene som har lagt til rette for aktivitet så langt det har vore mogleg i 2021. Det er mange tillitsvalde og trenarar som fortener ein stor takk for ekstra innsats som har vore lagt ned for å kunne gjennomføre aktivitet i tråd med korona-retningslinjene. Det er også flott å sjå korleis særgruppene har samarbeidd og tenkt alternativt om gjennomføring av aktivitetar i 2021.

Vi tykkjer det er flott og er svært stolte av at leiar i Fotballgruppa, Norill Terese Norheim, fekk velfortent pris som årets unge leiar på jubileumskretstinget til NFF Sogn og Fjordane 27. november.

Styret vil rette ein stor takk til alle som har vore med og halde aktiviteten i gang i idrettslaget vårt i 2021. Det har vore skapt mange gode opplevingar og augeblikk i året som har gått, og vi ser fram til eit nytt og aktivt idrettsår i 2022.

30. januar 2022

styret i Hafslo idrettslag

# Årsmelding stadionstyret

## Styret

Birger Moene (leiar), Bjarni H. Valsson, Jonas Midtbø



Ved starten på året var det framleis usikkert korleis fotballsesongen 2021 ville bli på grunn av korona-situasjonen. Men sjølv om seriestarten vart utsett nokre månader, vart det likevel lov å trene for born og unge under 20 år. Arbeidet med klargjering og vedlikehald av baner og anlegg vart derfor planlagt og sett i gang på vanleg måte med utgangspunkt i at det ville bli ein normal fotballsesong etter kvart.

Kunstgrasbana var fri for snø i første halvdel av mars, og vart straks teken i bruk til treningar i tråd med korona-retningslinjene. Det kom litt snø i byrjinga av april (like etter påske), og då vart det strødd på litt gummigranulat for å framskande smeltinga av denne snøen. Den smelta raskt, og i midten av april var bana klar til trening igjen. Det vart etterfylt om lag 500 kg med gummigranulat i midten av april, og bana vart slodda med jamne mellomrom gjennom sesongen. Det er stor aktivitet på kunstgrasbana gjennom året, både til treningar og aldersbestemte kampar i regi av Fotballgruppa. Men den vert også mykje brukt i skuletida og til uorganisert aktivitet elles. Årets siste treningar på kunstgrasbana vart gjennomført i november.

Frå 1. juli 2021 vart det vedteke ei ny forskrift som skal mellom anna skal hindre spreing av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Vi hadde besøk av anleggskomiteen hos NFF i byrjinga av juni, og fekk tilsendt ein rapport med aktuelle tiltak i tråd med ny forskrift. Vi har kjøpt inn metallrister og kostar, og har i tillegg planlagt andre tiltak i tråd med forskrifta. Desse tiltaka må vi prioritere å få på plass så snart som mogleg når bana er fri for snø og vert teken i bruk sesongen 2022.

Grasbanene i Moane var tidleg fri for snø i år, og det var ikkje behov for tiltak med strøing av blomsterjord for å framskande snøsmeltinga. Allereie i løpet av mars var banene fri for snø, og den snøen som kom tidleg i april forsvann raskt. Også i 2021 har Fotballgruppa hatt ei avtale med Sogndal Fotball om ansvar for drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet, mot at Hafslo IL kan få nytte dette til treningar og kampar ved behov. Dette inneber meir arbeid

til drift og vedlikehald, men gir samstundes flotte treningstilhøve for alle laga til Hafslo IL i Moane. Både Hafslo stadion og treningsfeltet vart gjødsla og etter kvart vedlikehalde med grasklypping og vatning på vanleg måte.

Treningsfeltet i Moane vart teke i bruk til treningar i midten av mai, og vi var litt meir restriktive til å ta i bruk Hafslo stadion for fullt med ein gong. Dette for å sikre best mogleg speleforhold når seriekampane skulle ta til. Det var derfor ei flott grasmatte som venta Hafslo G13/14 11ar på Hafslo stadion til sesongens første heimekamp søndag 6. juni.

Det vart ein varm og tørr sommar, noko som kravde mykje vatning. Jamleg vatning kombinert med fornuftig grasklypping gjennom sommaren, sørger for flotte grasbanar og speleforhold både på treningsfeltet og Hafslo stadion før haustsesongen. Sogndal sitt A-lag spurte om lov til å trene på Hafslo stadion 29.juli før cupkampen mot Florø. Det var også fleire andre lag i regionen som tok kontakt for å få trene på treningsfeltet i Moane. Både Kaupanger sine seniorlag på herre- og damesida og Studentspretten har hatt treningar på treningsfeltet i løpet av sesongen. Dette seier noko om kor flotte og gode speleforhold det har vore på grasbanene i Moane denne sesongen.

Haustsesongen starta med treningskamp for seniorlaget på Hafslo stadion mot Syril 3.august (første kamp for seniorlaget på 672 dagar!). Siste veka av sommarferien, 11.-13.august, vart det arrangert Tine fotballskule i Moane. Deretter starta haustsesongen for fullt med seriekampar og treningar for både seniorlaget, aldersbestemte lag og miniputt i Moane. Det vart i tillegg arrangert miniputt-turnering siste søndagen i august. Det var framleis flotte speleforhold på Hafslo stadion når Hafslo G13/14 11ar spelte siste seriekamp på heimebane mot Aurland søndag 7. november!

Godt og regelmessig vedlikehald, mindre bruk av grasbanene tidleg i sesongen og avlyst Lerum Cup også i 2021, er nok ei medverkande årsak til at det har vore så flotte speleforhold på grasbanene i Moane gjennom sesongen. Det var flotte speleforhold også i 2020, men forholda har nok vore endå betre i 2021.

Elles har det vore gjennomført diverse anna dugnadsarbeid i Moane i løpet av sesongen. Særskilt takk til Sverre Kjos-Wenjum som har bidrege med både kantslått, grusing av veg mm. Vi har også fått hjelp til å male innbytarbenkane og diverse kantslått gjennom sommaren.

Det er behov for ein del anna vedlikehaldsarbeid i Moane, som skifte av rekkverk, trapp til klubbhuset mm. Det er også prosessar i gong for å sikre tilkopling til kommunal vassforsyning og få lysanlegg på plass. Vi vil samarbeide med hovudstyret om å få på plass dette så snart som mogleg sesongen 2022.

Stadionstyret vil takke alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga våre både i Moane og på kunstgrasbana i løpet av sesongen 2021.

Hafslo 10. februar 2022

Birger Moene

leiar stadionstyret

## Årsmelding hoppgruppa



### Styret

Jon Ove Lomheim (leiar), Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Geir Afdal, Ole Johnny Sie

### Avståtte tillitsmenn

Jon Ove Lomheim, skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen, nestleiar  
Jon Ove Lomheim, Sogn Skisenter, nestleiar  
Jon Ove Lomheim, krinsdommar skikrins  
Per Birger Lomheim, krinsdommar og forbundsdommar NSF

### Representasjon

Vårmøte hopp, Skikrinsen, (digitalt 27. mai): Jon Ove Lomheim  
Kringstinget, Sogn og Fjordane Skikrins (digitalt 31. mai): Jon Ove Lomheim  
Haustmøte hopp, skikrinsen (Skei 28. oktober): Jon Ove og Per Birger Lomheim  
Idrettens møteplass (Sogndal 30. oktober): Jon Ove Lomheim

### Trening og aktivitet

Kvamsbakken vart demontert og avvikla våren 2020 og difor ingen aktivitet for skihopping vinteren 2020/2021 i Hafslo. Erlend Sie er på vidaregåande skule i Trøndelag og tilslutta «Granåsen hoppteam» (rekrutteringsgruppe i Trondheim). For trening har Jon Ove Lomheim reist til Stryn og Ove Fredheim til Lillehammer.

På grunn av covid-19 var det redusert renntilbod for Erlend og ingen for Ove Fredheim og Jon Ove Fredheim i løpet av vintersesongen.

Hoppgruppa hadde tilrettelegging av hoppleik på onsdagscupen dei gongene det vart gjennomført og elles tre kveldar i barnetrekket når det var forhold til det for hoppleik opptil fem meter. Telenorcupen vart avgrensa til onsdagscup, hoppleik og alpintrening på skisenteret. I mangel av kapasitet av frivillige instruktørar så vart det ingen basistrening hausten 2021 slik skigruppene har hatt siste åra.

### Resultat året 2021

Erlend Sie sitt beste resultat var:

- Namsos 12.02.21: Nr. 1 i klasse RC-B

Ove Fredheim (berre eit renn):

- Orkanger NM på plast 28.08.21 (i klasse 50-59 år):  
Gull i K50-meter og bronse i K68-metersbakke

## Dugnad

Nytt hoppanlegg ved Sogn Skisenter er eit stort dugnadsprosjekt for ei lita gruppe i laget. Straks K10- og K19-hoppbakke på Nygardstre vart spelemiddelgodkjent mars 2021, sette hoppgruppa i gang med skogrydding etter avtale med grunneigar som fekk all ved oppkappa for henting. Arbeidet med skogshogst vart registrert med 128,5 dugnadstimar (inkludert maskintimar traktor for fliskutting).

Arbeid med prosjektering og søknadar om godkjenning av hoppanlegget har vesentleg større omfang enn skogshogsten.

Avtale med entreprenør var klar for anleggstart juli 2021, men på Sogn skisenter AS sitt første styremøte 29.06.21, vart oppstart entreprenørarbeid stoppa. Etter hektisk møteaktivitet med kommune, idrettsråd med fleire så fekk Hafslo idrettslag i nytt styremøte 17.08.21 oppmoding av skisenteret om flytting hoppanlegget til banktrekket. Dette medførte full runde med ny prosjektering, spelemiddelsøknad, søknad om byggeløyve mm for ny plassering. Med godt samarbeid med Norconsult AS om prosjektering (teikning) og kommune/ fylkeskommune i høve sakshandsaming så lukkast ein med nødvendige godkjenningar for oppstart entreprenørarbeid 06.10.21 for nyplassering av K10- og K19-hoppbakke ved banktrekket. Medio desember avslutta entreprenør arbeidet med førebels grovplanert hoppbakke der ein tek sikte på bruk vinteren 2022. Det er på dugnad laga 6 «startbukkar» i tilløpet, «flyttbare spormalar» mm for bruk vinteren 2022. Ferdigstilling entreprenørarbeid og mykje dugnadsarbeid står igjen frå våren 2022 og framover.

## Oppsummering

Utan hoppanlegg ved Sogn Skisenter vert det ingen aktivitet for skihopping i laget, kommunen og Sogn elles. Det ligg mykje arbeid for hoppgruppa for realisering av nytt hoppanlegg ved Sogn Skisenter. Dette er ikkje mogeleg utan støtte i idrettslaget, skikrins, kommune, bank med fleire som så langt har vore svært positive og såleis held oppe motivasjon for hoppgruppa til å realisera hoppanlegget og ny rekruttering til hoppporten. NRK-dokumentaren «Folkesporten som forsvann», laga av Sondre Dalaker med hoppaktivitet i Kvamsbakken, bør ikkje vera siste minne frå hoppporten på Hafslo.

Hafslo 2. januar 2022


Jon Ove Lomheim



# Årsmelding alpingruppa

## Styre

Ellen Sophie Wangensteen (leiar og freeski-kontakt)



Hovudfokuset til alpingruppa er å legge til rette for aktivitet, rekruttering og breidde. Målet til alpingruppa er at alle som ønskjer det skal kunne vere med på treningane, bli betre på ski og skape eit godt miljø! I 2021 har det vore fokus på å kome i gong med freeski-aktivitet, som vi ser er eit ønska og viktig tilbod for ungdomar som ikkje er med på andre aktivitetstilbod i idrettslaget.

## Treningar

Alpint-treningane starta opp ved Sogn Skisenter onsdag 13. januar, framleis med Lars Olav Halleråker som trenar. Dette har vore eit flott tilbod med godt oppmøte. Det har vore opp mot 40 deltakarar på treningane gjennom vintersesongen. Vi gjennomførte ti treningar fram til siste trening 24. mars, då treningane ikkje lenger var mogleg på grunn av snøtilhøva.

Onsdag 3. februar vart første økt med freeski-aktivitet gjennomført ved Sogn Skisenter med god hjelp av freeski-entusiastar frå Sogndal folkehøgskule. Dette er meint å vere eit tilbod retta mot born og ungdomar som ønskjer å utfordre seg på ski i litt utfordrande løyper og skiøvingar. Det har vore godt oppmøte med 10-15 ungdomar. Freeski- og alpinttreningane har vore på same tidspunkt, og dei ansvarlege for freeski- og alpinttreningane har samarbeidd om aktiviteten. Dessverre vart det berre mogleg å gjennomføre fire freeski-økter fram til 10. mars på grunn av snøtilhøva.

## Aktivitetar og arrangement

Åtte personar deltok på digitalt freeski-kurs (trenar 0) i regi av Norges Skiforbund Freeski måndag 8. mars.

Freeski-kontakt var med på å arrangere Jentecamp for freeski i regi av NOR Freeski på Kaupanger 28. august. Dette vart ei svært vellukka samling for jenter født i 2006-2013, og det deltok to jenter frå Hafslo på jentecampen.

## **Dugnad**

Enkelte foreldre har bidrege under onsdagstreningane, og på andre oppgaver når alpingruppa har spurt om det. Dugnadsinnsats frå foreldre er veldig viktig for å sikre at gruppa kan ha eit breitt og inkluderande aktivitetstilbod gjennom vintersesongen. Det er noko alpingruppa jobbe vidare med i dialog med foreldra til deltakarane, slik at kostnadane for å delta på alpint i Hafslo IL vert så låge som mogleg for den enkelte deltakar/familie.

## **Støtte til freeski-aktivitet**

Alpingruppa fekk 15 000 kr i støtte for rekrutteringstiltak til freeski frå Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane i tildelingsbrev 28. mai 2021. Planen har vore å nytte midlane til å besøke ein trampolinepark e.l. utanfor sesong for å skape eit sosialt miljø og sikre rekrutteringa til gruppa. Dette har ikkje latt seg gjere å gjennomføre så langt, men vi håpar det er mogleg å få nytta midlane før fristen går ut for rapportering på bruk av midlane 1. juni 2022.

Hafslo IL fekk også støtte frå Sogn Avis/Sparebankstiftinga 2. juni 2021 med 20 000 kr til innkjøp av stor trampoline med sikringsutstyr. Innkjøp av ei slik trampoline vil kunne gjere det mogleg å trene på freeski-relaterte øvingar også utanfor sesong. Vi håpar det er mogleg å få realisert innkjøp av ei slik trampoline i samarbeid med idrettslaget.

## **Oppsummering**

Vi ser at alpint- og freeski er eit populært tilbod som har hatt god rekruttering dei siste sesongane. Dette skal Lars Olav Halleråker ha ein stor del av æra for, då han har laga eit flott opplegg med god informasjon og tilbakemelding til deltakarane og foreldra. Freeski viser seg også å vere eit populært nytt aktivitetstiltak. Her vil vi rette ein særskilt takk for innsatsen til Martin Thorvaldsen Venedik, som har bidrege med prepping av løyper og hatt ansvar for enkelte treningar. Dessverre har både korona-pandemien og vertilhøva avgrensa vintersesongen dei siste to sesongane. Trass i dette, er det likevel framleis god rekruttering og eit godt miljø blant dei som er involvert i aktivitetar i regi av alpingruppa.

Alpingruppa har eit godt samarbeid med Sogn Skisenter gjennom sesongen. Skisenteret er alltid positive og gjer ein fantastisk innsats, og sørger for at bakkane alltid er flott preparert og klare til treningane. Dette er alpingruppa svært takknemlege for.

Det er mange som er med på aktivitetar i regi av alpingruppa, og det er mange foreldre som støttar opp om aktiviteten på ulike måtar gjennom dugnad m.m. Dette er positivt! Men det har vore utfordrande å få foreldre til å ta på seg verv i gruppestyret. Dette er noko som må kome på plass for at vi kan oppretthalde ei alpingruppe også framover.

I skrivande stund er vintersesongen 2022 godt i gang, og det er starta opp både alpint- og freeski-treningar. Vi håpar på flotte forhold og ein lengre sesong enn dei siste to åra. Avslutningsvis vil alpingruppa takke alle utøvarane våre, trenarane, foreldra og alle andre støttespelarar som har hjelpt til og støtta oss på ulike måtar gjennom sesongen 2021.

Hafslo 10. januar 2022

Ellen Sophie Wangensteen  
leiar alpingruppa og freeski-kontakt Hafslo IL 2021

# Årsmelding langrennsgruppa

## Styret

Elise Landøy (leiar), Trond Sekse, Per Fridolf Hillestad



Vinteren 2020/2021 var det skitreningar på Heggmyrane for ei blanda aldersgruppe med rundt 6 deltakarar i alder ca 8-10 år. Treningane vart leia av Jorunn Hillestad Sekse og Elise Landøy.

Treningane er primært basert på skileik med ulike aktivitetar som utfordrar balanse, motorikk, hurtigheit, uthaldenheit m.m. Mykje morosame øvingar og glade og aktive ungar! Frå hausten 2021 starta ein treningssamarbeid med IL Bjørn. Barmark-sesongen starta opp i oktober i Gaupne med 3-4 stk frå HIL. Her er det alt frå leik, til ulike barmarks-aktivitetar til rullleski fordelt på tre ulike grupper. Når snøen kom var det langrennstrening i Leirdalen med 2-3 frå HIL.

Stina Hillestad har i 2021 delteke på lokale renn inneverande sesong. Stina deltok på ei jentesamling med Marit Bjørgen i haust, som var til stor motivasjon for ho. På haustmøte til skikrinsen fekk ho også tildelt Norges Skiforbund sin jubileumspris. Ho har no flytta til Meråker for å satsa fullt på langrenn.

Jørgen Sekse deltok på nokre sone- og krinsrenn. Han satsa no 100 prosent på sykkel og går på NTG Bærum.

Onsdagscupen er eit populært arrangement, og vert arrangert av trimgruppa/barneidrettsgruppa. Her deltok om lag 65 ungar. I 2021 vart det litt amputert på grunn av korona og lite snø, men med nettregisterting, kunne ein i tillegg gå når ein ville og unngå trengsel. Barneidretten hadde godt samarbeid med hoppgruppa som laga skileik med hopp nokre onsdagar.

### **Deltaking på renn**

Hafslo IL har hatt deltakarar med på krinsrenn og sonerenn.

Stina Hillestad har hatt ein god sesong i juniorklassen (J18/19). Ho har tre krinsmeistertitlar og vinnar av SSF cupen i sin klasse. Stina deltok på toppidrettsveka i Aura, der ho fekk ein tre plass i motbakkerennet Brekka opp, og ein 5. plass samanlagt i juniorklassen

Langrennsgruppa vil takka alle som har hjelpt og støtta oss gjennom denne sesongen.

Hafslo, 31. desember 2021

Elise Landøy

leiar i langrennsgruppa

## Årsmelding fotballgruppa



### Styret

Norill Terese Norheim (leiar), Karita Nes (nestleiar), Elin Anette Hillestad (matearialforvaltar), Camilla Bremer (materialforvaltar), Hans Olav Hellesøe (FairPlay-ansvarleg), Jan-Erik Røneid (sekretær)

**Dommaransvarleg:** Norill Terese Norheim

**Miniputtansvarleg:** Karita Nes

**Ungdomskontaktar:** Ingrid Johanne Kvalen og Nikolai Solheim

- Styret har hatt seks møte og handsama 33 saker i løpet av året.
- 27.–28. november deltok Norill Terese Norheim og Geir Arne Kvam på jubileumskretsting i Førde. Her fekk Norill Terese Norheim prisen «Årets unge leiar».

### Seniorfotball

Hafslo har hatt eit seniorlag i 6. divisjon for herrar denne sesongen.

Trenar: Joar Duesund, Nils Einar Søhoel og Johan Salveson

Lagleiar: Ove Midtbø

Seniorlaget vann si avdeling i 6. divisjon og spelte om KM-tittel mot Måløy 2 og Førde 3, der Hafslo vann 5–3 på bortebane mot Måløy og 5–2 på heimebane mot Førde 3 og sikra KM-tittelen og opprykk til 5. divisjon. Godt jobba og gratulerer til seniorlaget.

### **Aldersfastlagd fotball (10–17år)**

Hafslo har hatt sju lag i aldersfastlagd fotball denne sesongen.

#### **Gutar 10 år**

Trenar: Ellen Sophie Wangensteen

Lagleiar: Malene Ullebø Svartefoss

Har spelt 7ar-fotball gjennom sesongen.

#### **Gutar 11 år**

Trenar: Gøran Sjølie Af Geijerstam

Lagleiar: Irene Haugen

Har spelt 7ar-fotball gjennom sesongen og deltok med eit lag på Eat Move Sleep-turneringa i Sogndal 24. oktober.

#### **Gutar 12 år**

Trenarar: Norill Terese Norheim og Styrk André Hofslundsengen

Lagleiar: Anne Therese Moen

Har spelt 7ar-fotball gjennom sesongen og deltok med eit lag på Eat Move Sleep-turneringa i Sogndal 24. oktober.

#### **Jenter 12 år**

Trenar: Jannike Skår

Lagleiar: Janne Grønbech

Har spelt 9ar- og 7ar-fotball gjennom sesongen

#### **Gutar 13/14 år**

Trenarar: Kurt Heggstad, Kurt Norheim og Bjørn Arild Grindhaug

Lagleiar: Ine Jeanette Skjerven

Har spelt 11ar-fotball gjennom sesongen.

### **Jenter 13/14 år**

Trenarar: Trond Sekse og Vegard Lie

Lagleiarar: Tone Helen Kvalen og Margrete Sørhoel Røneid

Har spelt 9ar- og 7ar-fotball gjennom vårsesongen. Måtte trekke laget før haustsesongen starta.

### **Jenter 15/17 år**

Trenarar: Kai Inge Cirotzki og Vivian Kvam

Lagleiar: Camilla Bremer

Har spelt 7ar-fotball gjennom vårsesongen. Måtte trekke laget i haustsesongen.

### **Miniputt (6–9år)**

- Miniputtansvarleg: Karita Nes
- Det er om lag 70 ungar i alderen 6–9 år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar gjennom sesongen 2021.
- Det vart arrangert turnering i Gaupne, på Hafslo, Lærdal og Kaupanger.
- Hafslo har hatt mellom 12 og 16 lag påmeldt på dei ulike turneringane denne sesongen
- Gutar 9 år deltok også på frivillig seriespel gjennom sesongen.

### **Miniputtturnering på Hafslo 29. august**

- Det var påmeldt 55 lag og ca 280 spelarar på turneringa.
- Turneringa starta kl.10 og var ferdig kl.16.
- Tema for turneringa var «Eat Move Sleep» og «sunne kioskløysingar».

### **Miniputtliga**

#### **Gutar 6 år**

Trenar: Linda Kristin Brunborg

Lagleiar: Svanaug Dvergedal Torgersen

#### **Jenter 6 år**

Trenarar: Janne Grønbech og Jan Inge Engebø

Lagleiar: Olav Einan

#### **Gutar 7 år**

Trenarar: Tom Idar Kvam og Ruth Karin Kvam

Lagleiar: Kari Merete Henjum

### **Jenter 7 år**

Trenar: Silje Christine Indrebø Nygård

Lagleiar: Birthe Johanne Fredheim Finstad

### **Gutar 8 år**

Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

### **Jenter 8 år**

Trenarar: Norill Terese Norheim og Silje Kauppi Rørvik

Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

### **Gutar 9 år**

Trenar: Tom Dyrdal

Lagleiar: Ine Jeanette Skjerven

### **Jenter 9 år**

Lagleiar: Linda Kristin Brunborg

Har hatt treningar og spelt saman med J8 gjennom sesongen.

### **Sone/kretslag**

- Hafslø IL har hatt fleire spelarar med på sone og kretslag denne sesongen.
- Ingrid Johanne Kvalen, Ingeborg Sekse og Anna Maria Bremer har vore med på kretslaget og sonelaget til J14.
- Linus Heggstad har vore med på kretslaget og sonelaget til G14.
- Synnøve Røneid har vore med på kretslaget og sonelaget til J13.
- Andreas Grindhaug har vore med på sonelaget til G13.
- Johannes Olai Nes og Gustav Ruud vart tatt ut på sonelaget til gitar fødd 2009 etter storsonesamling i november og desember.

### **Laurdagstrening**

- Laurdagstreningane har også vore arrangert i sesongen 2021 for born og unge frå 10 år og oppover.
- Dette er eit tilbod for dei som ønskjer ekstra trening; der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar på treningane.
- Det har vore god påmelding jamt over sesongen med snitt på 15 deltakarar per trening.
- Kurt Heggstad har hatt hovudansvar for treningane med hjelp av Norill Terese Norheim.

### **Dommarar**

- Hafslø IL har hatt to dommarar i kretsregi denne sesongen ved Norill Terese Norheim og Ingrid Johanne Kvalen. Geir Arne Kvam er dommarrettleiar i kretsen.



- Ingrid Johanne Kvalen har hatt tre dommaroppdrag i kretsen i løpet av sesongen.
- Norill Terese Norheim har hatt 13 dommaroppdrag i kretsen i løpet av sesongen.
- Norill Terese Norheim vart autorisert som kretsdommar denne hausten.
- Me har hatt mange dommarar i klubben i år og desse har fått god oppfølging av dommaransvarleg og Geir Arne Kvam.
- Thor Willhelm Fredheim og Storm Frattasio Skår deltok på rekrutteringsdommarkurs.
- Fotballgruppa set stor pris på hjelpa frå Geir Arne i utviklinga av dommarane me har i klubben.

### **Tine Fotballskule Hafslo**

- Vi arrangerte Tine Fotballskule Hafslo i Moane også i år siste veka før skulestart (11.-13. august). Fotballskulen vart arrangert for 14. året på rad.
- Heile 82 jenter og gutar i alderen 6 til 12 år frå Hafslo, Gaupne, Veitastrond og Solvorn deltok på årets fotballskule.
- I tillegg var det 15 ungdomar og fire vaksne som hjalp til som instruktørar i løpet av fotballskulen. Vi fekk også god hjelp av foreldre/besteforeldre som var tilstades på sidelinja undervegs.
- Vêrgudane spelte på lag med fotballskulen, og sørnga for flott vær alle tre dagane. Dette gjorde det enklare å organisere og gjennomføre arrangementet i tråd med korona-retningslinjene frå TINE Fotballskule/Norges Fotballforbund.
- På avslutningsdagen fekk fotballskulen besøk av Hildegunn Hove frå NFF Sogn og Fjordane, og det var stor stas når Tine Fotballskule på Hafslo fekk utdelt premie og merksemd for å ha vorte kåra til den beste fotballskulen i Sogn og Fjordane i 2020.
- Fotballskulen vart avslutta med servering av hamburger og pølser og utdeling av velfortent diplom til alle deltakarane. Stor takk til Erna og Kjetil som tok seg av grillinga og matserveringa.
- Særskilt takk til alle ungdomane og vaksne som stilte opp som instruktørar, og som gjorde ein super innsats. Hadde det ikkje vore for dei supre ungdomsinstruktørane, hadde vi ikkje klart å arrangere fotballskule på Hafslo.

### **Oppsummering**

Det er god aktivitet i fotballen på Hafslo. Me vil takke alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre; me er heilt avhengige av dykk for å kunne gje det tilbodet me har. Året 2021 har igjen vore litt prega av koronasituasjonen som er i landet no, og har begrensa aktiviteten litt. Trass dette har fotballgruppa saman med alle dei flinke trenarane, lagleiarane og alle andre rundt fått til god fotballaktivitet for dei som er aktive i idrettslaget vårt.

Fotballgruppa vil også rette ein ekstra stor takk til stadionstyret ved Birger som har sørnga for kjempeflotte speleforhold på grasbanene i Moane gjennom heile sesongen.

Norill Terese Norheim  
leiar fotballgruppa

# Årsmelding foreldrelaget for aldersfastlagd fotball

## Gruppestyre

Erna Hamrum (leiar), Aslaug Øydvin, Hanne Loen Stranden



## Undergruppe/kiosknemnd Lerum cup

Britt Brugrand, Ann-Elisbeth Skjerven, Erna Hamrum

Grunna koronarestriksjonar vart Lerum cup avlyst. Miniputtturneringa vart arrangert i slutten av august. Den var noko større enn i 2020, men fortsatt med koronarestriksjonar. Det vart heller ikkje arrangert sosial samling for fotballfamilien. Kwart lag fekk noko økonomisk støtte for å arrangera avslutning kvar for seg.

Inntektene i 2021 kjem kun frå miniputtturneringa og reinhald av klubbhuset. Gruppa har vaska ned klubbhuset og hatt vekentleg reinhald gjennom sesongen.

Takk til Aslaug og Hanne for innsatsen i foreldrelaget! Takk òg til Ann-Elisbeth og Britt for viktig hjelp med gjennomføringa av kioskalet ved Lerum cup gjennom fleire år!

Takk til alle som bidrog til at fotballaktivitetane har laga positive og gode minner for utøvarane!

Hafslo 31. desember 2021

Erna Hamrum

# Årsmelding barneidrett

## Styret

Ann-Kristin Gjerde (leiar), Terje Brunborg og Janne Grønbech (nestleiarar)



Barneidretten består av leiar og nestleiar. All idrett er organisert av HIL, og er for barn opp til 12 år.

Fokuset til barneidretten er at idrett skal vere for alle, og det skal vere kjekt. Det skal vere variert og ungane skal få prøve seg i forskjellige aktivitetar.

Me starta året med skiaktivitet på Heggmyrane. Det var 67 registrerte deltakarar. Trass i sprengkulde og snømangel var det godt oppmøte. Samarbeid med Hoppgruppa og langrennsgruppa gjorde til at dette vart kjekke økter. På grunn av pandemien vart det ikkje felles avslutning i år heller, so alle fekk premien levert i postkassen.

Nytt av året var elektronisk registrering, noko me tykkjer fungerte godt, og kjem til å fortsette med.

Vårprogrammet vart utandørs, lagt opp til aktivitetar der godt smittevern kunne følgast og unngå å samle for mange på ein gong. Me lagde til Natursti til Huarplassen og turbingo frå Krossen, der ein kunne gå når det passa. Aktivitet i sykkelbana på Heggmyrane og orientering i Moane i samarbeid med Trimgruppa og Sogndal orientering.

Haustprogrammet fekk me gjennomført i gymsalen. Der fekk me foreldre til å stille opp med forskjellig aktivitet kvar sin gong. Her var det på det meste 25 deltakarar frå 1-4 klasse, veldig kjekt! Sesongen avslutta me den 24 november, med grilling og leik i grillhytta ved skulen.

Småbarnstrimmen fekk ikkje starta opp før til haustsesongen i gymsalen. Småbarnstrimmen er uorganisert aktivitet og leik der foreldre er med og riggar til og ryddar. Me har vore heldige og hatt 4 familiar som har delt på opplåsinga i år, og har fått gjennomført kvar veke til me avslutta den 30 november.

Barneidretten har hatt god deltaking, sjølv om korona-pandemien også i 2021 har avgrensa aktiviteten.

Ann-Kristin Gjerde  
leiar

# Årsmelding trimgruppa

## Styret

Katrin Læg Reid Nes (leiar), Monica Heggstad, Audhild Moe, Grete Marie Skårhaug Solvi, Adrienne Kvam, Kjell Arild Høyum, Sandra Nesse Sørhoel.



Styret har hatt 4 styremøte dette året. Styret ynskjer gjerne få innspel frå medlemmane om ting me skal jobbe med å få til i trimgruppa vidare.

## Aktivitetar i 2021

### *Volleyballgruppe-damer*

Grunna koronarestriksjonar var det ikkje volleyballtrim i vårhalvåret. Frå september starta treningane oppatt. Det har vore ca 25 ulike personar innom. Oppmøtet har vore veldig bra, med opptil 15 trimmarar kvar gong. Gruppa har ei aldersspreiing frå 15 til 65 år. Rine Kvam har vore nøkkelansvarleg i haust.

### *Idrett for alle*

Gruppa hadde i vår to utøvarar og seks hovudinstruktørar.

I haust har me auka antal utøvarar til fire. Tre av hovudinstruktørane er med vidare. I tillegg har me fått 4 nye hjelpeinstruktørar. Dette er leikbetonte treningar der ein førebur deltakarane på øvingar i Løveleikane og Byrkjelo-leikane bla. Trimgruppa fekk etter søknad tildelt støtte med kr. 5000 frå idrettskrinsen for sosialt tiltak innan paraidrett og «Idrett for alle» i 2020. Desse har me no brukt opp til sosiale formål.

5 av instruktørane var med på kurs om tilrettelagt idrettsaktivitet i Sogndal no i haust.

### *Trimmian*

Dette er den største jobben for Trimgruppa. Trimgruppa har 16 postkassar med trimbøker i. Desse kan kven som helst skriva seg i. Men ein kan no og logga seg inn gjennom GeoReg. Dette året hadde me 25 ungar som fekk premie for å ha registrert minst 150 poeng. 6 vaksne (seniorar) med 300 poeng og 24 trimmianar som hadde vore på alle bøkene våre. Ei deltaking på det jamne, litt ned frå i fjor. Men me ser at veldig mange besøker bøkene og ynskjer få fleire til å levera inn skjema i 2022.

*Marknaden: Me delte ut premiane våre.*

Ekstra kjekt var det i år at fleire tok alle «bøkene» på ein dag. Me takkar desse for at dei sette Trimmian på kartet og promoterte trimgruppa våre på denne måten. Kjartan Ovrid starta det heile og Sedrik K. Norheim og Kurt Norheim tok utfordringa. Dette er veldig sprekt gjort. Neste år er det nye «bøker» og me håpar dei og kanskje fleire prøver seg på nye rekordar.

*Idrettsmerket*

Trimgruppa tilbyr idrettsmerketaking til medlemmane. Tre personar nytta seg av tilbodet i 2021, dette var Per Birger Lomheim, Katrin Læg Reid Nes og Astrid Veum.

*Stifaddergruppa*

Stifaddergruppa er eit samarbeid mellom Trimgruppa, Hafslo Bygdelag (administrator) og Hafslo Sogelag. Bjarne Venjum er koordinator og gjer ein flott jobb for å halda arbeidet i gang. Gruppa starta opp hausten 2018, og har no fungert i tre år. Me har kome godt i gang, ein god del stiar er merka og rydda. Ein har fleire stiar på planen og dei ein har rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med 9 stifadrar, noko me er veldig stolte over. Desse har jobben so lenge dei vil.

*Luster turorientering*

Eit samarbeid mellom trimgruppene i Luster. Me bidreg med våre bøker. Personar frå Hafslo deltok i år. Trimgruppa har valgt å avslutte dette samarbeidet, då veldig få av våre medlemmar nytta seg av tilbodet. Me hadde tre år som prøveperiode.

*Stolpejakt*

Trimgruppa har vore med på informasjonsmøte kring oppstart av Stolpejakt i Luster. Luster kommune leiar arbeidet, og vil hjelpe til med utrulling av dette. Prosjektet er forankra i Luster Idrettsråd. Det blir no jobba med korleis dette skal organiserast og kven i HIL som skal ha ansvaret for dette. Eit spanande prosjekt, men trimgruppa har per i dag ikkje kapasitet til å ta på seg alt arbeidet dette medfører. Ei løysing kan vere at trimgruppa klarer å få inn styremedlemar som ønskjer å halde i dette. Eit anna alternativ er at andre i regi av HIL held i dette, og at Trimgruppa kan hjelpe til ved behov.

Hafslo 28. desember 2021

Katrin Læg Reid Nes, for trimgruppa

# Årsmelding handballgruppa

Like etter oppretting av handballgruppe kom korona, og me fekk ikkje komme i gang i august som me hadde tenkt.

Me kom i gang med treningar i Gaupne og Hafslo i september. Me har vore på kampar i Vik og i Sogndal og hatt kampar i Gaupne. Litt varierende resultat, men god stemning og trivsel blant spelarane

Me har lag i

- J 10 og J 11 (sesongen 2020–21)
- J 11 og J 12 (sesongen 2021–22)

Me spelar under IL Bjørn begge desse sesongane.

Me har 18 spelarar fordelte på tre aldersgrupper.

Monika Reime har ansvar for treningane, og Ingvild M. Kjos og Aslaug Øydvin er lagleiarar. Hjelpetrenaransvaret har vore litt rundt på foreldre. Dette har fungert greitt. Det har vore ei stabil gruppe, men med nye tilkommarar frå Hafslo.

Dessverre sette koronaen ein stoppar for tidleg 2021. Då var det berre treningar som gjekk, ingen kampar. Treningane heldt fram til skuleslutt i juni 2021. Etter sommarferien 2021 kom me i gang i september med kampar i Årdal, Leikanger, Førde og Gaupne i løpet av hausten.

Det er framleis stor interesse for handball i nokre aldersgrupper på Hafslo. For desse har vi et godt samarbeid med IL Bjørn, og det er naturleg å fortsette dette samarbeidet. Vi har dessverre på grunn av årets covid-situasjon vore hindra for vidare rekruttering innan yngre aldersgrupper. Såleis vurderer vi det som fornuftig å fortsette samarbeidet med IL Bjørn der dette er naturleg. Derimot håpar vi at det ved eit seinare høve vert naturleg å danne eige lag på Hafslo. Vi ser òg at handballen er viktig for vidare å utfordre kommunen med å bygge fleirbrukshall i handballstorleik på Hafslo. Såleis tenker vi at det er naturleg at handballspelarar og lag og får tilgang i eksisterande hall på Hafslo, sjølv om dei er knytte til IL Bjørn.

Handballgruppa



# Har du valt rett bank?

Renter, løn, skatt og ungar – ingenting er konstant. Kanskje me kan gi deg betre vilkår?  
Ring oss på **57 68 27 00** så finn me ut av det.

Rask  Personleg

**Luster Sparebank**   
luster-sparebank.no

Styggem / Foto: Børck

